

HAUTE ROUTE
CHAMONIX TIL ZERMATT

Denne klassiske turen blei først gått av medlemmar av britiske Alpine Club på midten av 1800-talet, og fekk då namnet The High Route.

I 1911 blei den for første gang gått på ski, denne gangen av eit Fransk lag, og fekk då det franske namnet Haute Route.

Turen knyter saman dei to alpelandebyane Chamonix, i Frankrike, og Zermatt, i Sveits, og har seinare blitt den mest kjende alpine skituren i verda. Turen, som startar like under Mont Blanc og endar ved foten av Matterhorn, går gjennom delar av det mektigaste og mest dramatiske landskapet i Alpane.

Undervegs kryssar ein brear og fjellpass der ein må bruke stegjern, isøks og tau som sikring. Turen byr på mange høgdemeter fin skikøyring, men det er framfor alt totalopplevinga som er spesiell.



På veg ned frå Mont Fort, med Grand Combin i bakgrunnen.

Innhald

1. Prisar
2. Krav til turen
3. Oppmøtestad og tid
4. Reise og transport
5. Overnattingstype og pris
6. Mat og drikke
7. Dagsprogram
8. Alternative ruter og tilleggsturar
9. Utstysliste

1. Prisar 2010

Som enkelt deltakar i open gruppe (krev min. 3 deltakarar):
7500,- NOK pr deltakar

Lukka gruppe som bestiller samla (pris per deltakar):

2 deltakarar 11200,- NOK
3 deltakarar 7500,- NOK
4 deltakarar 6250,- NOK
5 deltakarar 5500,- NOK
6 deltakarar 5000,- NOK

Stor gruppe, 2 førarar

7 deltakarar 7000,- NOK
8 deltakarar 6300,- NOK
9 deltakarar 5900,- NOK
10 deltakarar 5500,- NOK
11 deltakarar 5300,- NOK
12 deltakarar 5000,- NOK

NB! Kvar førar tar maks. med seks gjester. Større grupper krev fleire førarar.

Prisen dekkjer føring og førarens utgifter. Alle andre utgifter kjem i tillegg.

NB! Alle deltakarane må ha skred- og breutstyr (sjå pkt. 9. Utstysliste). Dei som har slikt utstyr privat kan bruke dette (utstyret må vere i god stand).

Utstyret kan òg leigast hos Breogfjell:

Skredutstyr 300,- NOK

Breutstyr 200,- NOK



Tidleg start frå Vignetteshytta siste dagen.

2. Krav til turen

Turen krev god fysisk form og generell fjellerfaring. Det er òg ein føresetnad at ein er van med toppturar på randonèeski eller kraftig telemarkutstyr, og at ein er relativt dyktig på ski.

3. Oppmøtestad og tid

Om ikkje anna er avtalt møtast vi utanfor postkontoret i sentrum av Chamonix (på Place Balmat i Rue du Docteur Paccard), klokka 1800 kvelden før første turdag.

NB! Dei som ikkje rekk oppmøtet klokka 1800 må gje beskjed, slik at de får diskutert utstysvalet med føraren (butikkar og skiutleige stengjer klokka 1930 og opnar ikkje før etter at vi er reist neste dag).

4. Reise og transport

Turen startar i Chamonix i Frankrike og endar i Zermatt i Sveits. Ein kan ta fly til og frå enten Genève eller Zürich. Frå flyplassen reiser ein til Chamonix med buss, tog eller taxi.

Den siste turdagen kjem vi til Zermatt på ettermiddagen. *De må sjølv ordne overnatting i Zermatt denne dagen.* Dagen etter, som for mange blir heimreisedagen, er det lettast å ta toget til flyplassen direkte frå Zermatt.

Frå Norge til Alpane - Fly

Det enklaste er å ta fly til Geneve. Blant andre SAS og Norwegian har ruter frå fleire byar i Norge. Det er òg muleg å ta fly til Zürich. Ein må då ta [toget](#) til Chamonix. Dette tek ca 5,5 timar og kostar ca 500 NOK og er ein fin togtur.

Geneve til Chamonix

Frå Geneve til Chamonix er det greiast å ta delt taxi, eller buss.

Vi anbefalar [Cham-Van](#) som tilbyr delt taxi til ein fast pris (vanlegvis €25 - €30). Taxituren tar ca 1 time. *NB! Bestill i god tid.*

Busstidene finn de [her](#). Bussturen tar ca 2 timar og kostar €35 ein veg eller €55 t/r.



Matterhorn sett frå Zermatt.

Zermatt til Genève/Zürich

Her er det greiast å ta toget. Til Genève tek det ca. 4 timar og til Zürich ca. 3,5 timar (ein kan søkje etter togtider [her](#)). Prisen er 400-500 NOK.

Zermatt til Chamonix

For dei som ønskjer å reise tilbake til Chamonix tek dette ca. 4 timar med tog og kostar 400-500 NOK.

Lokaltransport og heis

I Chamonix og Zermatt er det relativt gode tog/bussforbindelsar til dei fleste hotella, dette er gratis for dei som overnattar som turist i dalen.

Normalt må kvar deltakar rekne med 900 – 1000 NOK i lokaltransport og heiskort undervegs på turen. Dette avheng av ruta vi vel og om vi vert nøydd til å gjere endringar på turen som følgje av været eller forholda.

5. Overnattingstype og pris

Undervegs på turen overnattar vi i fjellhytter. Desse hyttene har relativt god standard, er betjente og kan minne om DNT sine betjente hytter. Hyttene har sovesalar 10 – 20 senger per rom. Ein vil få servert ein enkel treretters middag på kvelden, frukost på morgonen, og ein kan kjøpe med lunch og drikke til tur dagen etter.

Overnatting inklusiv frukost, lunch og middag kostar ca. 500 NOK/døgn.

Føraren reserverar plass på fjellhyttene.

NB! Overnattinga i Chamonix natt til første turdag og overnattinga i Zermatt ankomstdagen må de sjølv ordne. Vi anbefalar at de bestiller overnatting så tidleg som muleg.

6. Mat og drikke

Vi anbefalar at de betalar for mat på hyttene. For ca 500 NOK/døgn får ein overnatting, middag, frukost og lunchpakke til neste dag.

Det finst både daglegvarebutikkar og restaurantar i forskjellige prisklassar i Chamonix og Zermatt.

Ein bør ha mulegheit til å bære med ca. 2 liter drikke på turdagane. Drikke kan kjøpast på hyttene. Om ein likar å ha med varm drikke på dagsetappane, får ein fylt termosene på hyttene.



7. Dagsprogram

Det finst fleire variantar av Haute Route, og ein kan variere dagsetappane ved å stoppe på ulike hytter undervegs. Verbier-varianten er den ruta som gir flest høgdemeter nedkøyring i forhold til oppstigning, og er blant anna på grunn av dette den mest populære ruta. Det er denne ruta vi har beskrive i dette dokumentet.



Det kan verte aktuelt å endre dagsprogrammet noko, avhengig av deltakarane sine ønskjer og ferdigheiter, vêret eller forholda.

Ankomstdagen

Om ikkje anna er avtalt, møtast vi utanfor postkontoret i sentrum av Chamonix (på Place Balmat i Rue du Docteur Paccard), klokka 1800.

Vi rekk å ta ein kjapp utstyrsprat før butikkane stengjer og dei som må supplere mat eller leige/kjøre utstyr rekk dette, sjølv om det meste av utstyr må vere ordna tidlegare.

Etter ei eventuell handlerunde kan vi møtast på ein restaurant for kveldsmat, bli litt kjent med kvarandre og sjå litt på planane for veka.

NB! Dei som ikkje rekk oppmøtet klokka 1800 må gi beskjed, slik at de får diskutert utstyrsvalet med føraren (butikkar og skiutleige stengjer klokka 1930 og opnar ikkje før etter avreise neste dag).

Turdag 1, Argentiére – Argentiérehytta

Vi startar med å ta taxi eller buss til Argentiére, øverst i Chamonixdalen. Herfrå tek vi heis til toppen av Grand Montets (3295 moh). Her får vi turens første nedkøyring, ca 1000 hm ned Rognonbreen til Argentiérebreen.

Frå Argentiérebreen passerar vi Argentiérehytta og går ein akklimatiseringstur til eit av passa Col du Tour Noir eller Col d'Argentiére. Begge desse turane gir ca 800 høgdemeter oppstigning og nedkøyring, tilbake til Argentiérehytta (2771 moh) der vi overnattar.

Turdag 2, Argentiérehytta – Trienthytta

Frå Argentiérehytta sklir vi eit stykkje ned Argentiérebreen før vi startar oppstigninga mot Col du Chardonnet.

På baksida av Col du Chardonnet må vi normalt rappellere eller fire oss ned eit lite stykkje før vi når ned på Saleinabreen.

Vi kryssar breen og tek opp mot dagens andre "col" (skar), Fenêtre de Saleina. Vi klatrar opp i dette skaret og kryssar deretter Trientplatået. Etter nok ei kort oppstigning når vi Trienthytta, der vi skal overnatte.



Frå Saleinabreen med Aig du Argentiére i bakgrunnen.



På veg opp mot Col des Ecandies.

Turdag 3, Trienthytta – Profleurihytta

Dagen startar med ei kort nedkøyring og lett klatring over Col des Ecandies, før vi får ei lang og flott nedkøyring ned Val d'Arpette til Champex.

Frå Champex tar vi taxi til Le Châble (Verbier). Her tek vi heisen til toppen av Mont Fort. Er forholda gode kan vi òg her få ei fin nedkøyring, før vi startar på dagens gåetappe over Col de Momin og Grand Désert. Om vi ligg godt an tidsmessig rekk vi ein tur på toppen av Rosablancher før vi køyrer ned til Profleurihytta som er dagens mål.

Turdag 4, Profleurihytta - Dixhytta

Denne dagen må vi starte ekstra tidleg frå hytta. Vi skal over Col de Roux før vi traverserar langs Lac des Dix. Denne traversen er skredutsett, og det er viktig at vi passerar her før sola startar å varme snøen.

Dagens etappe er relativt kort og vi kjem tidleg til Dixhytta. Her kan vi nå å gjere ein topptur, men dei fleste vil nok ha mest glede av å slappe av og å hente seg litt inn igjen etter lange dagar i førevegen.

Turdag 5, Dixhytta – Vignetteshytta

Frå Dixhytta går vegen opp to brefall og ca 900 hm mot toppen av Pigne d'Arolla på 3796 moh. Dette er det høgaste punktet vi må over på turen, og dei fleste vil nok merke høgda her. Frå Pigne d'Arolla får vi 600 hm fin nedkøyring mot Vignetthytta, som ligg spektakulært til på ein smal fjellrygg.

Turdag 6, Vignetteshytta - Zermatt

Dette er siste dagen, og den er òg den lengste. Dei fleste vil likevel ikkje oppleve det som den tyngste, sidan vi no begynner å bli godt akklimatisert til høgda. I dag skal vi over tre pass og krysse sju brear. Vi skal over Col de L'Evêque, den relativt bratte Col du Mont Brulè og Col de Valpelline, til saman 1100 hm stigning, 2400 hm nedkøyring og om lag 30 km i distanse før vi kan skli inn til Zermatt og spenne av oss skia.

Zermatt er ein svært koseleg by med ei spesiell atmosfære prega av fjellhistorie. Her skal vi overnatte, og vi satsar på å finne ein fin restaurant for avslutningsmiddagen.



Nedkøyringa frå Col de Valpelline mot Zermatt.



8. Alternative ruter og tilleggsturar

Det finst fleire variantar av Haute Route ein kan gå. Eit alternativ er å gjere ei forlenging av turen til Saas Fee, og det finst fleire ulike tilleggsturar som er vanleg å gjere i etterkant av turen mens ein fortsatt er godt akklimatisert. Nokre av variantane og tilleggsturane er kort beskrivne her. Om de ønskjer meir informasjon om desse eller andre turar er det berre å ta kontakt.

"Den klassiske Haute Route"

Dette er den varianten av Haute Route som blei gått på ski i 1911. Etter Champex går denne varianten via Bourg St Pierre og vidare sør for Grand Combin, til den møter den ruta vi har beskrive på Pigne d'Arolla nest siste turdagen. Denne varianten er noko tyngre enn Verbier-varianten samtidig som den er meir vêt og forholdsavhengig.

Grand Lui-varianten

Denne varianten er vanleg å gå i forbindelse med "Den klassiske"-varianten. Ved å gå denne ruta slepp ein taxituren frå Champex (til Verbier eller Bourg St Pierre) som kan opplevast som eit unaturleg avbrot i turen. Denne varianten krev åtte turdagar og kostar noko meir.

Zermatt til Saas Fee

Dette er ei vanleg forlenging av Haute Route som krev ein ekstra dag. Turen frå Zermatt til Saas Fee går midt gjennom eit imponerande alpint landskap og passerar fleire kjende 4000-metertoppar.

Mont Blanc 4808

Enkelte ønskjer å bruke den opparbeidde akklimatiseringa til å prøve å bestige ein eller fleire av dei mest kjente 4000-metertoppene i Alpane. Om nokon ønskjer å prøve seg på Mont Blanc anbefalar, vi å sette av tre ekstra dagar til dette. Éin dag til å komme seg tilbake til Chamonix og to dagar til å nå toppen. Sesongen for skiturar på Mont Blanc er normalt frå midten av april til midten av mai.



Mot toppen av Mont Blanc.

9. Utstysrliste

Ryggsekk, ca 40 liter (må vere muleg å feste skia på sekken)

_____Skiutstyr

Randonèe- eller telemarkski (ikkje for tungt utstyr)

Skifellar (evt òg skarejern)

Skistøvlar (ein treng ikkje andre sko då det finst innesko på alle hyttene)

Stavar

_____Breutstyr (kan leigast hos Breogfjell)

Isøks

Stegjern

Sittesele

2 skrukarabinar

1 vanlig karabin

1 klemknoteslynge (6 mm tau)

1 120cm band- eller tauslynge

_____Skredutstyr (kan leigast hos Breogfjell)

Sendar-/mottakarutstyr

Spade

Søkestang

_____Klede

Jakke (vind-/vasstett)

Bukse (vind-/vasstett) (evt gamasjar)

Hue

Hanskar og vottar (vind-/vasstette)

Sokkar (inkl. skift)

Varme underkle (gjerne ull)

Isolasjonslag (t.d. ull eller fleece)

Dunjakke eller ekstra ull-/fleecjakke

_____Anna

Solbriller

Slalombriller/goggles

Solkrem (inkl. sterk)

Hovudlykt (viktig!)

Toalettsaker (inkl. toalettpapir til dagsetappane)

Våtserviettar (til handvask)

Personlege medisinar

Lakenpose

Øyreproppar (til sovesal)

Kamera

Drikkeflaske/drikkesystem (slange)

Kontantar til hyttene og lokaltransport (Ca 80 Euro + 500

Sveitsiske Franc)

Europeisk helsetrygdekort (E111)

Reise- og ulykkesforsikring (evt medlemskap i REGA/Carte Neige)

Pass (vi kryssar fleire landegrensar (Frankrike/Sveits/Italia)

_____Føraren tek med

Enkelt reperasjonsutstyr

Førstehjelpsutstyr

Vindsekk

Brerødningsutstyr

Kart og kompass

